

# MØRE OG ROMSDAL FYLKESKOMMUNE

Motsegn mot Reguleringsplan for Bergmesteren Raudsand AS i Nesset  
kommune med heimel i miljømåla for regional vassforvaltning

# Regional delplan vassforvaltning

- Arbeidet med forvaltningsplanen skal sjåast i samanheng med anna regional planlegging for å sikre at naudsynte koplingar er på plass, og at moglege synergjar blir utnytta.
- Planen omfattar ikkje konkret arealbruk, men **fastset miljømål som skal leggjast til grunn for verksemda til regionale organ og for kommunal og statleg planlegging og verksemd i vassregionen.** Forvaltningsplanen **gir klåre regionale og statlege føringar for kommunane i vassregionen** og skal bidra til å **samordne og gi retningslinjer for arealbruken på tvers av kommune- og fylkesgrensene.**

# Frå planen..

- Miljøgifter og forureina sjøbotn er eit problem fleire stader i vassregionen. Dette er ofte kompliserte problemstillingar som krev kostbare undersøkingar og tiltak. Fleire av fjordane vår har kosthaldsråd
- Sunndalsfjorden, undersøkingar, opprydding, miljøgifter
- Risikovurdering Sunndalsfjorden – raud, **strengare miljømål**
- I Søre Nordmøre er det behov for utsett frist for 14 kystvassførekomstar grunna forureining. 8 av desse har òg utsett frist for kjemisk miljømål. **Utsett frist er mellom anna gitt for Tingvollfjorden ved Raudsand,** Tingvollfjorden ved Angvika, Sunndalsfjorden, Sunndalsfjorden ved Sunndalsøra og Kristiansund indre hamn. Det er fordi ein i dag ikkje har tilstrekkeleg kunnskap til å vurdere om det er behov for opprydding i forureina sjøbotn

# Første gongs behandling

- Ikkje vesentlege planfaglege merknader til KU, men ønsker klargjering av kva som **ikkje** kan styrast gjennom reguleringsprosessen og kva som **må** styrast gjennom reguleringsplanen
- Lokalisering av deponia ikkje i samsvar med planomtalen og KU – må rettast opp
- **Søknader under behandling/delvis behandla – korleis kan eventuelle tilleggskrav i reguleringsplanen da gjennomførast?**
- Framtidig bruk av arealet (etter avslutta deponi) ikkje avklara
- **Konflikt med sjøområdeplanen som er vedteken** - når reguleringsplanen vert vedteken vil den gå framfor kommuneplanen

# Kvifor motsegn

- Motsegn nødvendig for å ivareta nasjonale og **viktige regionale interesser** eller andre interesser av stor samfunnsmessig betydning.
- Motsegn fordi **fråsegn og råd ikkje er teke til følgje.**
- Har **vesentleg betydning** for fylkeskommunen sine saksområde (samfunns- og næringsutvikling, vassforvaltning)
- Motsegna grunngjeve med **mål for vassforvaltninga**

# Samfunns- og næringsutvikling

- Negativt for havbruk
- Negativt for reiseliv
- Tilgjengeleg og sannsynleg drivverdig mineralførekomst ?
  
- Ref. fylkeskommunen sine mål og planer
- Reiseliv, mat og kultur
- Opplevingsturisme
- Møre og Romsdal skal ha ein berekraftig bruk av naturressursane og gjennom det skape grunnlag for **verdiskaping der vi har våre fortrinn**. Dei naturgitte fortrinna til Møre og Romsdal er i hovudsak knytt til nærleiken til **havet** og dei ressursane som finst der, men fylket har også store ressursar innan **grøne næringar**.
- Heilskapleg planlegging. **Pådrivar for heilskapleg planlegging av sjøareala ved å legge til rette for arenaer for kunnskapsdeling og stimulere til interkommunal sjøarealplanlegging** i fylket.
- Marin nyskaping. Stimulere til prosjekt og forskning som vil auke kunnskapen om nye artar, samt **dyrking og prosessering av mikro- og makroalger**. Arbeide for etablering av ei industriell verdikjede knytt mot mikroog makroalgeproduksjon i fylket.

# Vassforvaltning

- All tidlegare aktivitet har medført ureining i fjorden
- Uklart kva type avfall som er lagra i gruvene
- Feil å starte ny aktivitet med lagring av avfall før det er rydda opp
- Ny verksemd nødvendig for å rydde opp? Eit reint økonomisk argument (Staten sin eigeidom)
- Risiko både i anleggsfasen og driftsfasen
- Usikkert rundt ny teknologi – må vise utslepp med eksisterande teknologi
- Vanskeleg å sjå at det kan bli forbetring av fjordsystemet med auka forureining

# Andre gongs behandling

- Ikkje godtgjort korleis utsleppa skal reduserast – konflikt med fastsette miljømål



# Fylkesmannens vurdering

- Motsegn knytt til arealavklaringar
- Motsegn knytt seinare behandling etter forureiningslova
- Fylkesmannens vurdering og tilråding ei rein arealbruksvurdering
- Fylkeskommunen si motsegn må finne si avklaring i konsesjonsbehandlinga etter forureiningslova
- Ei slik kopling bør sikrast i departementet si behandling av planforslaget

# Bit for bit behandling..

- «Miljødirektoratet har behandlet søknaden fra Bergmesteren Raudsand AS om etablering av et nytt deponi, Deponi 2, på Raudsand i Nesset kommune. Det er gitt tillatelse etter forurensningsloven til å ta imot 75 000 tonn ordinært avfall i året. Vilkår for å dekke til møllestøvsekkene som ligger i området inngår i vedtaket.
- Tillatelsen kan ikke tas i bruk før reguleringsplanen for området har trådt i kraft og Bergmesteren Raudsand har inngått nødvendige avtaler om bruk av arealer som de ikke selv er grunneier av.»

# Møre og Romsdal fylkeskommune sitt syn (høyring deponi 2)

- Fylkeskommunen ser det derfor som lite heldig at driftssøknad no blir behandla før samla konsekvensar av deponering og behandling av avfall på Raudsand er vurdert og drøfta i reguleringsplanprosessen
- Miljødirektoratet må som sektormyndigheit vurdere om deponiet vil kunne komme i konflikt med miljømål i planen.
- Det ligg føre planer om ytterlegare deponi og avfallsbehandling på Rausand. **Ut frå omsynet til ei heilskapleg vassforvalting bør løyve til deponi ikkje bli gitt før regulerings-planprosessen er gjennomført, og vi får ei oversikt over den samla påverknaden på vassmiljøet.**

# Ikkje sannsynleggjort redusert forureining

- Søknaden frå Bergmesteren Raudsand AS inneber unntak frå krav i avfallsforskrifta om dobbel botntetting i deponiet. Ut frå omsynet til kystvassforekomsten meiner vi det i utgangspunktet ikkje bør givast unntak frå krav om dobbel botntetting. Det er utarbeidd miljørisikovurdering for den diffuse utlekkinga frå deponiet ein dermed må forvente. Konklusjonen i miljørisikovurderinga er at «...forurensningsfaren ved deponiet vurdert til å være akseptabel.». Rapporten synleggjer samstundes fleire kjelder til usikkerheit, og i konklusjonen kan vi også lese at «vannmengdene vil høyst sannsynlig transporteres via en gruvetunnel (bremsebane-tunnelen) før det ender i fangdammen hvor vannmengder og kjemi kan overvåkes og om nødvendig renses». Det er gjennomført sporstofforsøk som «indikerer at all diffus utlekking vil gå via fangdammen». Dette er ein føresetnad for at all diffus utlekking kan overvakast og reinsast før utslepp i fjorden. **Når det blir vist til indikasjonar og sannsynlegheiter stiller vi spørsmål ved om undersøkingane av desse forholda er gode nok, særskilt med tanke på den status fjorden har som vassførekomst og nasjonal laksefjord.**

# Fråsegn til planprogrammet – ikkje teke omsyn til

- **Kulturminne og kulturmiljø**
- Det er ikkje registrert automatisk freda kulturminne i nærleiken av planlagt deponi-område, men på motsett side av fjorden ligg bergkunstfeltet på Honnhammer – den største samlinga med bergmaleri som er kjent i Noreg. Vi er opptekne av at det blir gjort ei vurdering av konsekvensane etableringa av eit deponi vil ha for dette feltet med omsyn til visuell skjemming. Vi vil følgje opp dette gjennom den pågåande reguleringsplanprosessen.
- Rødsand gruber er registrert som kulturminne med regional verdi i *Regional delplan for kulturminne av regional og nasjonal verdi* (vedtatt i fylkestinget i Møre og Romsdal juni 2015). Det er den einaste større gruveverksemda i Møre og Romsdal ved sidan av Olivin i Vanylven. Gruveanlegget består av bygningar, gruvegangar, dagbrudd og vegar. Deponering, terrengendringar og nye bygningar mv. vil påverke kulturminnet

# Fråsegn frå Direktoratet for mineralforvaltning til deponi 2


Slik DMF ser saken må hensynet til eventuell fremtidig over- eller underjordsdrift ivaretas. Forelagte søknad ser ikke ut til å ta tilstrekkelig høyde for de ulike rettigheter og forpliktelser som eksisterer i området, samt konsekvensene av tidligere og eventuell ny gruvedrift. Som nevnt over er det flere uklarheter knyttet til beslutningsgrunnlaget som etter DMFs mening bør utredes/dokumenteres nærmere før avgjørelse fattes. Dette gjelder bl.a. hvordan eventuell ny underjordsdrift og nedbør vil kunne påvirke vannveier/avrenningen, samt konsekvenser knyttet til flytting av møllestøv. I tillegg anbefaler DMF at det gjennomføres en geologisk kartlegging for å dokumentere at fjellbunnen utgjør en geologisk barriere, slik søker anfører. DMF stiller seg negativ til en løsning som forutsetter inntrengning av forurenset grunnvann til gruverommet. På grunnlag av overnevnte anser DMF saken som utilstrekkelig utredet, og stiller seg negativ til at søknaden innvilges som omsøkt på forelagte grunnlag.

# Synspunkt frå kommunane i regionen

☐ Kommunar som blir direkte berørt av tiltaket

Sjøareal – fjordsystemet:

○ Kristiansund	567 km <sup>2</sup>	39%
○ Averøy	543 km <sup>2</sup>	37%
○ Tingvoll	167 km <sup>2</sup>	12%
○ Gjemnes	89 km <sup>2</sup>	6%
○ Sunndal og	77 km <sup>2</sup>	5%
○ <b>Neset</b>	<b>19 km<sup>2</sup></b>	<b>1%</b>



# Politisk avtale 2019-2023

(AP, SP, KrF, V, SV, MDG)

- Vi sier nei til etablering av deponi for farlig avfall på Raudsand, vil at Staten skal rydde opp i eksisterende avfallsdeponi og vil ha vurdert drivverdighet av gjenværende mineralressurser.
- (Alle parti med unntak av H i fylkesutvalet)